

Abstrakt for forskingsprosjekt til stipendiatstilling innan sjukepleie til akutt/kritisk sjuke (AIO) ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap

Område	Pasientsikkerheit
Prosjektnummer	5
Tittel	Intensivpasientar med COVID-19 - ein oppfølgingsstudie av mental og fysisk helse
Bakgrunn	I Norsk intensiv- og pandemiregister (NIPR) blei det i 2020 registrert 502 intensivopphold fordelt på 413 pasientar med COVID-19 i Noreg. Dette er kritisk sjuke pasientar med samansette behov og diagnosar. Kroniske tilstandar som diabetes, kronisk obstruktiv lungesjukdom (kols) og kardiovaskulær sjukdom er forbunde med auka risiko for alvorleg COVID-19 og død. Omtrent 20% av innleggingar registrert i NIPR i denne tidsperioden var pasientar med diabetes, 11% var pasientar med kols og 36 % var pasientar med hjartesyjukdom. Overlevande etter alvorleg og kritisk sjukdom har auka risiko for psykiske, fysiske og kognitive komplikasjonar. I lys av dette er det behov for meir kunnskap om COVID-19 pasientars helsetilstand etter utskrivning frå intensivavdelinga.
Føremål	Føremålet med denne studien er å bruke registerdata til å undersøke mental og fysisk helse hos pasientar som har vært innlagt på intensivavdeling med COVID-19, stratifisert for subgrupper med diabetes, kols og/eller kardiovaskulær sjukdom. Basert på føremålet er det beskrevet tre delmål for studien. Prosjektet vil bidra med ny kunnskap innan helsetenesteforskning for pasientar med samansette behov og diagnosar. Pasientens opplevde helseproblem og helsebehov er viktig kunnskap for intensiv- og anestesijukepleiarar, og anna helsepersonell, i oppfølging og behandling av desse pasientgruppene. Kunnskap frå prosjektet vil bidra i kvalitets- og kompetanseutvikling, og vidare i helsetenestenes kontinuerlege utviklingsarbeid (pasientsikkerheit).
Metode	Utvalet er alle pasientar med COVID-19 forårsaka av viruset SARS-CoV-2 som blei innlagt på sjukehus i 2020-21 og som har kliniske data registrert i NIPR. I tillegg til omfattande registrering av pasientdata under intensivoppholdet samlast det inn data om mental- og fysisk helse 3, 6, 12 og 24 månader etter innlegginga. Prosjektet nyttiggjer seg av allereie innsamla data.
Fagmiljø	Prof. Marjolein M. Iversen er prosjektleiar. Ein av rettleiarane er tilknytt Helse Bergen gjennom samarbeid m/spesialisthelsetenesta v/dr. med Eirik Buanes (intensivavd/leder NIPR) og overlege/Ph.d. Eirik W. Søfteland (med.klinikk, Helse Bergen). Andre rettleiarar er postdoc Hilde R. Riise (Helse Bergen) og prof. Anne Haugstvedt. Stipendiaten inkluderast i eit sterkt forskingsmiljø med høg kompetanse innan pasientrapporterte data og registerdata. Forskingsgruppa DiaBEST sitt forskingsområde omfattar personar med kroniske sjukdommar slik som diabetes, kols og kardiovaskulær sjukdom i akutt, kritisk og kronisk fase. Prosjektet vil styrke forskingsfeltet innan akutt og kritisk sjuke ved HVL både tematisk og ved at stipendiaten utviklar sin rettleiarkompetanse gjennom å invitere inn mastergrads-studentar til prosjektet.
Kontaktperson	Interesserte søkarar kan be om ein meir utførleg prosjektbeskriving og ta kontakt med: Hilde K. R. Riise, postdoc Helse Bergen; Marjolein M. Iversen, professor ved Høgskulen på Vestlandet. Tlf: 93661069; 90255044, E-post: hkrr@hvl.no eller hilde.kristin.refvik.riise@helse-bergen.no ; miv@hvl.no eller ivemar@sus.no